



Årsrapport 2023

Nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

1.0 Oppsummering

Ved årsskiftet 2023/24 hadde Nettverk av ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde 95 ressurssjukepleiarar. Vi som driftar nettverket, er glad for desse dyktige og engasjerte sjukepleiarane. Dei er alle registrert i Pallnet.

Nettverket har gjennomført 6 lokalgruppessamlingar. Det vart ikkje arrangert fysisk årleg fagdag, vi gav i staden tilbod om digital undervisning til alle ressurssjukepleiarane og arbeidsstaden deira. Tema var: "I sluttfasen av livet - kva med mat og drikke"? Vi registrerte over 130 namn som var påmeldt denne undervisninga.

Årleg rapportering er utført og gjev eit godt bilet av nettverket sin aktivitet. 67 ressurssjukepleiarar har svara på årleg rapportering, det er 70,5 % av ressurssjukepleiarane. Det er lågare svarprosent enn vi har mål om.

Rapporteringa syner at vi har ei stabil gruppe med ressurssjukepleiarar. 45 % av dei som har svara, har vore med i nettverket over 5 år, og 52 % seier at dei har avsett tid til rolla som ressurssjukepleiar. Det er gledeleg at vi ser ein auke i svarprosenten på dei som har fått avsett tid til rolla. Førre år var det 42 % som hadde avsett tid.

34 leiarar har svara på eit eller fleire spørsmål i årleg rapportering. Det er ein nedgang frå 43 leiarar som tok seg tid til å svare førre år. 91% av dei som har svara, held fram at nettverket bidreg i stor eller svært stor grad til betre kvalitet på kreftomsorg og lindrande behandling.

Rapporteringa syner at ei stor gruppe av ressurssjukepleiarane har kjennskap til nasjonale retningslinjer, ESAS-r og Livets siste dagar. Rapporteringa fortel og at dette er verktøy som stadig må fokuserast på og haldast ved like, og verktøy som burde vore enda meir brukt.

Årleg rapportering inneholder spørsmål omkring samhandling om den palliative pasienten.

Desse spørsmåla gjev god innsikt i kva informasjon som er viktig for å få til god samhandling for denne pasientgruppa. Ressurspersonane ynskjer gode behandlingsplanar for symptomlindring, behandlingsavgjerder samt palliativ plan med pasienten sine ynskje og tankar.

Årleg rapportering fortel oss også at ressurssjukepleiarane er nøgd med kvaliteten på informasjonen som omhandlar den palliative pasienten. Sjølv i ei tid med fokus på digital

kommunikasjon via PLO meldingar, syner årleg rapportering at ressurssjukepleiarane opplever å ha tilgang til personell på sjukehuset når det trengst drøfting rundt palliative pasientar.

2.0 Mål for nettverket

Målet for nettverket er å sikre kvalitet og kontinuitet i pleie- og omsorgstilbodet til kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling. Omsorgstilbodet skal også inkludere pårørande. Målet er at pasienten og familien skal oppleve god kvalitet, tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta.

Årsplan for nettverket skal vere med å sikre at måla for nettverket vert tekne i vare. Årsplanen er utforma i tråd med kompetanseplanen for nettverk for ressurssjukepleiarar. Årleg rapporterer ressurssjukepleiarane og deira leiarar om ulike tema knytt til nettverket. Rapporteringa har som hensikt å sjå om mål er oppnådd i forhold til strategiplanen for nettverket. I 2023 var det 67 ressurssjukepleiarar og 34 leiarar som svara på årleg rapportering. Hovudtrekk frå denne rapporteringa vil bli presentert i avsnitt 10.0.

3.0 Arbeid med drift av nettverket

Sjukepleiarnettverket er delt opp i fire lokale nettverksgrupper. Ei driftsgruppe med representantar frå dei fire gruppene og samarbeidspartane i nettverket har ansvar for samlingar og rutinar knytte til nettverksarbeidet. Per 31.12.23 var det registrert 95 ressurssjukepleiarar i Pallnet. Dei kjem frå kommunar, dei tre sjukehusa i fylket og frå Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. I tillegg er åtte kreftkoordinatorar tilknytt nettverket.

3.1 Møte i driftsgruppa

Driftsgruppa har hatt fire møte i 2023. Det føreligg referat frå alle møta. Sakene som har vore handsama, er i hovudsak samanfallande med årsrapporten. Frå sommaren 2023 har driftsgruppa vore komplett, då vi har fått inn eit nytt medlem og eit medlem er tilbake frå svangerskapspermisjon.

3.2 Møte i styringsgruppa

Styringsgruppa har hatt to møte i 2023. Det føreligg referat frå begge møta, og møta har vore digitale dette året.

4.0 Fagutvikling, undervisning og opplæring

4.1 Introduksjonskurs

Det vart arrangert introduksjonskurs i januar 2023. Det var 14 stykke som deltok, og kurset vart godt evaluert av deltakarane.

4.2 Årleg fagdag

Det vart bestemt å ikkje arrangere fysisk årleg fagdag dette året. Grunnen var at vi vart nøydd å utsette årleg fagdag 2022 til november det året, grunna oppblomstring av covid-19. Vi arrangerte og inviterte til webinar for ressurssjukepleiarane og andre tilsette på deira arbeidsstad.

Tema: "I sluttfasen av livet – kva med mat og drikke?"

Korleis formidle dette til pasient og pårørande?

Målsetting:

Kunnskap om: - Kva kjenneteiknar sluttfasen av livet?

- Korleis legge til rette for gode avgjerder i høve til mat og drikke for pasientar med langt kome sjukdom?

Haldning: - lytte til pasient og pårørande, støtte og trygge dei i situasjonen slik at pasient, pårørande og personalet har ei god felles forståing av situasjonen.

Ferdighet i: - å kjenne igjen pasienten sine siste dagar av livet

Vi var glade for å kunne tilby undervisning med to dyktige føredragshaldarar:

Grethe Skorpen Iversen, spesialsjukepleiar, nettverkskoordinator for Livets siste dagar ved Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest, og Sebastian von Hofacker, overlege, spesialist i anestesiologi, fagleg leiar ved Verdighetsenteret.

Det var over 130 påmeldte til denne digitale undervisninga.

4.3 Lokale samlingar i nettverksgruppene

Våren 2023 :

Vi gjennomførte tre fysiske samlingar denne våren. Det var i Luster, Bremanger og Sunnfjord.

Vi drista oss dette året til å prøve oss på tema: "Kommunikasjon i praksis". Vi hadde først ei kort undervisning om tema, før vi sat i små grupper og øvde oss inn mot ulike tema i kommunikasjon.



Bilete frå lokalgruppesamlinga i Svelgen Bremanger og frå Gaupne i Sogn.

Hausten 2023:

Denne hausten vart det arrangert samlingar på Hauglandssenteret, Årdalstangen og Eid. Vi hadde lenge hatt ynskje om å bruke undervisninga med tema "Palliasjon ved demens. Fokus på livskvalitet".

Undervisninga var ein film ved Aart Huurnink, overlege i Kommunalt palliativt team i Stavanger og spesialist i lindrande behandling.



Bilete frå lokalgruppесamling på Hauglandssenteret hausten 2023

På alle lokalgruppесamlingane vår og haust er det fokus på "må" og "skal" oppgåver i nettverket. Dette gjer vi ved hjelp av ein PowerPoint-presentasjon som set fokus på oppgåvene og rolla til ressurssjukepleiaren. Vi har dette året teke oss god tid på "runde rundt bordet". Der vert ressurssjukepleiarane utfordra på at dei skal seie noko om: Kva har du gjort sidan siste samling, kva er glede og utfordringar, og kva er planane dine som ressurssjukepleiar framover?

5.0 Utviklingsarbeid

Felles undervisningsmalar

Kompetansesenter i lindrande behandling har utvikla felles malar for undervisning om ESAS-r, individuell plan, grunnleggande palliasjon og presentasjon av nettverket i Helse Førde. Malane er eit fint utgangspunkt for ressurssjukepleiarar si undervisning til kollegaer. Det har vore poengert på alle lokallagssamlingane at desse malane er tilgjengelege, og vi har oppmoda alle ressurssjukepleiarane til å ta dei i bruk på sin arbeidsplass.

Andre samarbeidspartar

Ressurssjukepleiarane samarbeider med fastlegar, sjukeheimslegar, ergoterapeutar, fysioterapeutar, legar i spesialisthelsetenesta og personalet i palliativt team, i tillegg til sine kollegaer på arbeidsplassen. Ressurssjukepleiarane nemner i årleg rapportering at dei også samarbeider lokalt med NAV, skule, barnehage, Frisklivssentralen, kyrkja og frivillige organisasjoner.

Samarbeid mellom ressurssjukepleiarnettverka i Helseregion Vest

Leiarane for driftsgruppene har to møte i året. Her blir saker som er felles i dei fire nettverka, tekne opp til diskusjon.

Hospitering

Styringsgruppa og driftsgruppa har ønska at det skal rettast fokus på hospitering. Det har på alle samlingar for ressurssjukepleiarane vore retta fokus på høve til å hospitere. Vi har oppmuntra til å planlegge hospitering tidleg saman med leiar, samt søkje middel til å få dekka utgifter. Det har ikkje vore nokon av ressurssjukepleiarane som har hospitert mellom arbeidsstadane dei to siste åra.

Fysio- og ergoterapinettverk

Det har vore ei samling mellom fleire aktuelle partar i haust, der tema har vore høve til oppstart av eit nettverk innan fysio- og ergoterapi, etter modell av nettverket for ressurssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling. Det var eit positivt møte, som peika på verdien av nært samarbeid med ressurssjukepleiarnettverket dersom vi skal lykkast med å starte eige nettverk for fysio- og ergoterapeutar til neste år.

6.0 Pasient- og pårørandearbeid

Ressurssjukepleiarnettverket skal bidra til at pasientar med kreft eller andre pasientar med behov for lindrande behandling, får tilbod om hjelp utifrå den sjukdomsfasen dei er i, både i 1. og 2. line-tenesta. Tilboden skal også ivareta pårørande. Ressurssjukepleiar i kommunen blir mellom anna kontakta av ressurssjukepleiarar på sjukehus, fastlege, kreftkoordinator eller leiinga i kommunen. Dei fleste ressurssjukepleiarane besøker pasientane heime. Ofte er det også pårørande til stades. Der det lar seg gjere, møter ressurssjukepleiar frå kommunen fysisk eller digitalt på samarbeidsmøte før heimreise for pasienten.

I 2023 meldte 60 % av ressurssjukepleiarane at dei hadde samarbeidsmøte med fastlege/sjukeheimslege om palliative pasientar. Her ser vi ein fin auke frå 46 % førre året.

Ti ressurssjukepleiarar har medverka til utarbeiding av individuell plan (IP)/ individuell plan til bruk i palliasjon (Norpal) dette året. Ni av ressurssjukepleiarane har medverka til 1-2 planar dette året, og ein ressurssjukepleiar har medverka til 3-5 planar. 42 ressurssjukepleiarar hadde teke seg tid til å kommentere dette punktet. Dei melder om manglande rutine og system for bruk av IP, at pasienten ikkje ynskjer det, og at det ikkje er tid til å sette i verk IP i ein travel kvar dag. Nokon skriv at det er mykje arbeid, det er utfordrande og dei kjem for seint i gang.

Sjølv om det er mange kommentarar på at planen vert lite iverksett hjå pasienten, er det heile 42 ressurssjukepleiarar som har teke seg tid til å seie noko om dei har gode erfaringar med planen. Dei fleste kommentarane går på at dei har lite og inga erfaring med bruk av planen. Nokon seier at ved bruk av planen så får ein fram kva som er viktig for pasienten, og at planen er ein tryggleik å ha for pasienten og pårørande.

7.0 Presentasjon av Nettverket

Det er rutine for ressurssjukepleiarane å presentere nettverket for kollegaer, og nettverket skal presenterast for nye tilsette på arbeidsstaden.

Nettverket vert også presentert for aktuelle pasientar og pårørande gjennom brosjyre om nettverket og ressurssjukepleiaren.

9.-10. september deltok nettverket av ressurssjukepleiarar på "Stafett for livet" i Førde. Dagen starta med sol og ein herleg temperatur, og natta enda med regn og minkande motivasjon til å fullføre runde etter runde på stadion i Førde. Men vi klarte det! Vi hadde leigd oss eit telt der vi hadde stand. Der delte vi ut eple og twist til deltakarane som sprang forbi oss, og vi håpa på ein god samtale omkring vår rolle som ressurssjukepleiarar. Ikkje alle hadde tid til ein prat, der dei hasta forbi oss for å få flest mogleg rundar på bana for sitt lag. Det var ei kjempegod stemning på alle våre som kom og deltok, og med god hjelp frå nokre familiemedlemmer klarte laget vårt gå i 24 timer på bana.



8.0 Informasjonsutveksling i Nettverket

Nyhendebrev

Det vart sendt ut to nyhendebrev i 2023 på e-post til ressurssjukepleiarane og leiarane, med siste nytt frå nettverket, KLB og Kreftforeningen. Breva vert også lagt på nettsida til nettverket.

Velkomstbrev

Velkomstbrev med nyttig informasjon vert sendt per e-post til nye ressurssjukepleiarar.

9.0 Økonomi

Nettverket hadde ved årsskiftet 2023/2024 kr. 63961,36 på konto.

Det vart søkt om middel frå Statsforvaltaren for 2023, men ingen middel vart tildelt nettverket frå Statsforvaltaren. Det vart rapportert til Statsforvaltaren over brukte middel i 2022. Det som gav nettverket litt meir økonomisk rom i 2023, var at Sunnfjord kommune omdisponerte middel og ga nettverket kr 40.000.

10.0 Årleg rapportering frå ressurssjukepleiarane

Fagutvikling – implementering og bruk av verktøy

- ✓ Nasjonale retningslinjer: 88 % av ressurssjukepleiarane brukar retningslinjer for symptomlindrande behandling frå Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorga til aktuelle pasientar. 52 % seier at retningslinjene er implementerte i avdelinga sitt kvalitetssystem.

- ✓ ESAS-r: 87 % rapporterer at ESAS-r er teke i bruk på arbeidsplassen. 2 % seier at det aldri er i bruk, medan 41 % seier det er brukt i moderat grad og 49 % i liten grad.
- ✓ Livets siste dagar - plan for lindring i livets sluttfase: 67 % av dei som svara, seier at Livets siste dagar er teke i bruk på deira arbeidsplass.

Organisering

- ✓ Ressurssjukepleiarfunksjonen: 52 % rapporterte at dei har avsett tid til ressurssjukepleiarfunksjonen. Av dei 52 % som hadde avsett tid, varierte tida frå ein dag kvar 6. veke til 20 % stilling.
- ✓ Plan for arbeidet som ressurssjukepleiar: Det var 31 ressurssjukepleiarar som rapporterte at dei hadde hatt møte med leiaren sin kring mål for rolla som ressurssjukepleiar. 36 personar sa at dei ikkje hadde hatt møte med leiar. Av dei 34 leiarane som svarte på dette spørsmålet, rapporterte 21 at dei hadde hatt eit møte med ressurssjukepleiar der dei hadde drøfta oppgåver og planer for ressurssjukepleiarens sitt arbeid.

Samhandling

- ✓ 89 % av ressurssjukepleiarane i kommunehelsetenesta opplevde at dei fekk tilgang til personell på sjukehuset når dei trengde å drøfte ting rundt palliative pasientar.
- ✓ 60 % av ressurssjukepleiarane i kommunehelsetenesta opplevde at informasjonen dei fekk frå sjukehuset om palliative pasientar, hadde tilfredsstillande kvalitet.
- ✓ 68 % av ressurssjukepleiarane på sjukehusa opplevde at informasjonen dei fekk frå kommunehelsetenesta om palliative pasientar, hadde tilfredsstillande kvalitet.

Refleksjon og/eller erfaringsutveksling er ein viktig del av ressurssjukepleiarens sitt fokus, og 67 % av ressurssjukepleiarane har teke initiativ til det på arbeidsstaden sin dette året. Ressurssjukepleiarane melder at dei har leia refleksjonsgruppe etter dødsfall, samt refleksjon og evaluering etter heimedød. 52 % rapporterer at dei har brukt undervisningsmalane om ESAS-r, IP, nettverket/rolla som ressurssjukepleiar og grunnleggjande palliasjon.

46 ressurssjukepleiarar har teke seg tid til å utdjupe kva som har fungert bra i funksjonen som ressurssjukepleiar. Nokon helde fram at det er verdfullt å få reise på nettverkssamlingar og kurs, andre at det er fint å bli spurd om å hjelpe og rettleie kollegaer, samt at ein vert synleg på arbeidsplassen når ein har internundervisning. Det å bli anerkjend for kompetansen ein har opparbeidd seg, er viktig for fleire.

Ein ressurssjukepleiar skreiv det slik: "*Alle møtene vi har deltatt på, har gitt mye refleksjon, fagkunnskap og lærdom som har hjulpet meg til å bli tryggere i rollen som sykepleier og gitt meg mer trygghet til å ha ansvar for palliative pasienter innlagt i sykehus*".

Av dei 67 som har svara på årleg rapportering, er det 47 som har teke seg tid til å utdjupe kva som har vore mest utfordrande med deira funksjon som ressurssjukepleiar.

Vi les mykje av det same som har prega tidlegare år, med mangel på tid inn mot krevjande pasientsituasjonar der fokuset også skal være på pårørande. Fleire melder at mangel på tid og arbeidskraft gjev konsekvens, til dømes manglande undervisningstid, manglande høve til deltaking på nettverksmøte og lita tid til pasientkontakt og utøving av rolla som ressurssjukepleiar. Fleire seier at dei har fått førebuingstid til undervisning, men så opplever dei at det vert sjukemelding og mangel på personale, som igjen fører til at planane om undervisning vert skrinlagde, grunna omsyn til drift. Det er fint å lese i rapportering at lokalgruppесamlingane og årleg fagdag gjev motivasjon til å halde fram i funksjonen som ressurssjukepleiar.

91 % av leiarane som svara, seier at nettverket bidreg i stor eller svært stor grad til betre kvalitet på kreftomsorga og lindrande behandling. 50 % av desse leiarane seier også at deira ressurssjukepleiarar bidreg i svært stor grad til betre kvalitet også i omsorga for andre pasientgrupper.

Det er 13 leiarar av 34 som har teke seg tid til å svare på kva dei syns er det mest positive med nettverket. Leiarane peikar på ressurssjukepleiarane som gode ressursar med tanke på å jobbe inn gode rutinar for pårørandeoppfølging. Det vert også halde fram at ressurssjukepleiarane er sjølvstendige og passar på sine pasientar på ein god måte. Leiarane verdset ressurssjukepleiarane sin kompetanse innan kreftomsorg og lindrande behandling.

23 leiarar har rapportert kva dei meiner er viktige tema/opplæringsbehov på deira arbeidsstad. Dei ynskjer at nettverket fokusere på palliativ pleie til ulike sjukdomsgrupper som ALS, demens og heimedød. Vidare peikar dei på behovet for etisk refleksjon inn mot livet sin slutt og behovet for god kunnskap omkring lindring av ulike symptom.

11.0 Konklusjon

Drifta av nettverket er stabil og god. Lokalgruppесamlingane er høgdepunkt gjennom året. Den erfaringsutvekslinga som skjer ved "runde rundt bordet", er både lærerik og interessant. Den faste programposten med dei tre spørsmåla: "Kva har du gjort sidan siste samling, kva er glede og utfordringar, og kva er planane dine som ressurssjukepleiar framover?", hjelper oss til å få eit positivt og målretta utbyte av samlinga.

Ressurssjukepleiarane fortel at dei vert etterspurde og nytta i faglege diskusjonar. Dei opplever seg som støtte til kollegaer innan kreftomsorg og palliasjon. Nokon har også gjeve tilbakemelding på at internundervisninga deira vert sett pris på av kollegane. Påfyll av kunnskap gjer at dei kjenner seg tryggare i rolla, og dei vert prioritert til dei pasientane som treng palliativ pleie.

Det er svært positivt at over 81 % rapporterer at dei brukar retningslinjer for symptomlindrante behandling frå Nasjonalt handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorga. Som tidlegare år ser vi at dei fleste er kjent med ESAS-r som kartleggingsverktøy, men diverre er det heile 49 % som brukar dette i liten grad. Formålet med skjemaet er betring av pasienten sine symptom, og at det igjen skal bidra til auka kvalitet på behandling og pleie. Skjemaet er eit godt utgangspunkt for kommunikasjon, og er godt eigna for å evaluere effekten av ulike behandlingstiltak. Fleire ressurssjukepleiarar held fram at det er lite fokus på ESAS-r, det vert gløymt ut i kvardagen, det vert ikkje etterspurd av legane og at pasientane ikkje ynskjer det. Dei mange kommentarane på dette punktet syner oss at det er

ein jobb å gjere blant ressurssjukepleiarane i å ta dette viktige verktøyet i dagleg bruk til pasientane.

Vi ser også av rapporteringa at 42 ressurspersonar melder at IP/individuell plan til bruk i palliasjon ikkje vert brukt eller i liten grad vert brukt. Dei gjev grunnar som at IP ikkje vert prioritert nok, vanskeleg å presentere dette for pasienten, IP er ikkje sett i system på arbeidsstaden og at ressurspersonane opplever at det er mykje arbeid å iverksette planen. Nokon held også fram at det ikkje er aktuelle kandidatar grunna kort liggetid på sjukehus, eller at dei jobbar på poliklinikk og ikkje finn pasientar med behov for planen der. Då fokusgruppa for ressurssjukepleiarane er pasientar med behov for kreftomsorg og lindrande behandling, må vi som driftar nettverket sørge for fokus på informasjon og opplæring om IP til bruk i palliasjon, slik at ressurssjukepleiarane igjen vert trygge på å tilby planen til pasientane.

Vi som driftar nettverket, er stolte over det vi får til i Helse Førde føretaksområde. Det er inspirerande å få innsikt i kva den enkelte ressurssjukepleiar får til på eigen arbeidsstad. Det er god lesnad når 46 ressurspersonar tek seg tid til å legge inn frie kommentarar som:

- *"Det er godt at vi er to stykke på avdelinga. Kan reflektere oss imellom, også lettare å planlegge undervisning."*
- *"Leiar dette året har vore meir bevisst på å få fram kven som er ressurssjukepleiar."*
- *"Kollegaer anerkjenner kunnskapen som me sit med, og ynskjer ofte råd om dei aktuelle problemstillingane."*
- *"Eg syns det fungerer godt, eg har avsett tid, og kollegaer brukar meg på avdelinga når det er palliative problemstillingar. Trur eg er ein synleg person i palliasjonsfeltet."*

Leiarane held fram fleire positive ting med nettverket gjennom 2023. Vi les i årleg rapportering:

- *"Gode som fagleg kollegastøtte/ressurspersonar i avdeling og til å utarbeide rutinar og halde tråden i rutinar. Samt gode ressursar med tanke på å jobbe inn gode rutinar for pårørandeoppfølging."*
- *"Viktige ressurspersonar i avdelinga i forhold til kreftpasientane våre - både for kollega og for arbeidet nær pasient og pårørande."*
- *"Ressurssjukepleiarane med sin kunnskap er viktige nøkkelpersonar som hevar kompetansen innan kreftomsorg og lindrande behandling i vårt område."*
- *"Nettverket er eit viktig samlingspunkt for ressurssjukepleiarane i små kommunar, der ein kan få snakke med andre som har same rolle."*

Lokalgruppесamling Indre Sogn hausten 2023 på Årdalstangen.

